



Audrius Sirputis  
Vahaugen 3  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/255 - 19/11762

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:  
09.04.2019

## Avvisning av søknad om forstøtningsmur - 212/120 Eikanger øvre

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 28.01.19. Saka gjeld søknad om oppføring av ein forstøtningsmur på 19 meter. Høyden varierer mellom 0,8 meter og 1,6 meter.

### Planstatus

Eigedoma er regulert i reguleringsplan for Vahaugen bustadfelt, Eikanger. Området forstøtningsmuren er plasert på er regulert til bustadområde, kjøreveg og anna vegareal.

### VURDERING

#### Privatrettslege forhold

Det fremstår for kommunen som openbart at tiltakshaver ikkje har dei privatrettslege rettighetane for å føre opp forstøtningsmuren på annen mans eigedom. Muren er plassert delvis over på eigedom gbnr 212/144 som er eigd av Lindås kommune. Kommunen kan ikkje sjå at det er inngått ein avtale med tiltakshaver, der det vert godkjent at muren vert ført opp på kommunen si eigedom. Dette er også stadfesta av kommunen si vegavdeling, som forvaltar den kommunale eigdommen.

Dersom dei privatrettslege forholda åpenbart ikkje er til stades skal kommunen avvise søknaden, jf. Plan- og bygningslova § 21-6.

#### Manglar ved søknaden

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Tiltaket er plassert i strid med byggegrensa mot veg i plan. Det er ikkje søkt dispensasjon.
2. Tiltaket er plassert i arealformål for *kjøreveg* og *anna vegareal*. Det er ikkje søkt dispensasjon.
3. Det foreligger ikkje fagmessig utførte tegningar av tiltaket. Tiltaket må visast i målestokk, i både fasade- og snittegning.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrifta, SAK 10, § 5-4.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 21-6 og 21-2, jf. byggesaksforskrifta § 5-4, vert søknad om forstøtningsmur avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

#### **Videre saksgang**

Kommunen vil gjøre tiltakshaver oppmerksam på at det ikkje kan påregnast å få til ei privatrettsleg avtale for å plassera forstøtningsmuren slik den er omsøkt. Det kan heller ikkje påregnast å få innvilga dispensasjon for å plassera muren i arealformåla for *kjøreveg* eller *anna vegareal*. Dersom tiltakshavar ønskjar å sende inn ein ny søknad, oppfordrar vi til å justera muren slik at han ikkje er avhengig av desse dispensasjonane.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eirik Berntsen  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Audrius Sirputis

Vahaugen 3

5913

EIKANGERVÅG